



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utvalet for oppvekst og omsorg  
**Møtedato:** 20.10.2009  
**Møtetid:** 15:30 – 19.00  
**Møtestad:** Stolpane skulehus

---

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Liv Berit Befring	Dagfinn Gjerde

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
---

PLO-leiar Hjartnes under sak 24/09. ass.rådmann under heile møtet.
--

<b>Merknader:</b>
-------------------

OO-utvalet hadde først ei synfaring på alternativa for plassering av fleirbrukshall, jfr. skulebruksplanen.
---

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Resultat frå elevundersøkinga på skulenivå for 2009.
<b>Utvalet sitt kvarter</b>	Dagfinn Gjerde stilte spr.mål om status for oppstart av arbeidet med ballbingen på Gjerde. Ass.rådmann orienterte om at først må kommunen få avklart skulestrukturen før kommunen kan sende byggjemelding. OO følgjer opp saka i neste møte.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 17.11.2009

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
023/09	09/554	Faste saker	
024/09	09/553	Brukarundersøking - PLO 2009.	
025/09	09/552	Brukarundersøkingar skule / barnehage - 2009	
026/09	09/62	Busetjing av flyktningar i 2009-2011.	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>

**Saknr. 023/09**  
**FASTE SAKER**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

20.10.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg  
Handsaming i møtet:

**OO-023/09 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- Utvalet sitt kvarter: Dagfinn Gjerde stilte spr.mål om status for oppstart av arbeidet med ballbingen på Gjerde. Ass.rådmann orienterte om at først må kommunen få avklart skulestrukturen før kommunen kan sende byggjemelding. OO følgjer opp saka i neste møte.

**Saknr. 024/09**  
**BRUKARUNDERSØKING - PLO 2009.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Oppvekst og omsorg til undersøkinga til etterretning.  
PLO vert bedt om å arbeide med følgjande forbetringar:

- \* Meir legeteneste på Samnangerheimen.
- \* Større moglegheit for å få snakke med lege ( både for pasientar og pårørande).
- \* At me kan bli betre på å melde frå om me vert forsinka i heimetenesta.

20.10.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg  
Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

**OO-024/09 Vedtak:**

Oppvekst og omsorg til undersøkinga til etterretning.  
PLO vert bedt om å arbeide med følgjande forbetringar:

- \* Meir legeteneste på Samnangerheimen.
- \* Større moglegheit for å få snakke med lege ( både for pasientar og pårørande).
- \* At me kan bli betre på å melde frå om me vert forsinka i heimetenesta.

**Saknr. 025/09**

**BRUKARUNDERSØKINGAR SKULE / BARNEHAGE - 2009**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Oppvekst og omsorgsutvalet tek resultatane i nasjonale prøver, eksamensresultat og elevundersøkingane til etterretning.

Skuleeigar ber skulane setje inn tiltak som kan gje elevane betre læringsmiljø, og særskilt fagleg rettleiing.

20.10.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Rådmannen sett fram følgjande tilleggsframlegg:” Oppvekst og omsorg tek resultatane i brukarundersøkingane i barnehagane til etterretning. Barnehageeigar ber barnehagane setje inn tiltak som kan inkludera foreldra meir.”

Framlegg til vedtak inkludert tillegg vart samrøystes vedteke.

**OO-025/09 Vedtak:**

1. Oppvekst og omsorgsutvalet tek resultatane i nasjonale prøver, eksamensresultat og elevundersøkingane til etterretning.

Skuleeigar ber skulane setje inn tiltak som kan gje elevane betre læringsmiljø, og særskilt fagleg rettleiing.

2. Oppvekst og omsorg tek resultatane i brukarundersøkingane i barnehagane til etterretning.

Barnehageeigar ber barnehagane setje inn tiltak som kan involvera foreldra meir.

**Saknr. 026/09**

**BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2009-2011.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune ynskjer å vinna erfaring med å busetja dei flyktingane me har sagt oss viljuge til å ta ansvar for før det vert teke stilling til spørsmålet om å busetja ytterlegare flyktingar. Dette kan tidlegast skje i juni 2010. Samnanger kommune vil då stå fritt til å vurdera om me skal ta imot fleire og evt. kor mange.

20.10.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

**OO-026/09 Vedtak:**

Samnanger kommune ynskjer å vinna erfaring med å busetja dei flyktingane me har sagt oss viljuge til å ta ansvar for før det vert teke stilling til spørsmålet om å busetja ytterlegare flyktingar. Dette kan tidlegast skje i juni 2010. Samnanger kommune vil då stå fritt til å vurdera om me skal ta imot fleire og evt. kor mange.

